Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: Torvald Austrumdal

(adresse): Vikeså

Fylke: Rogaland

Herad: Bjerkreim

Bygdelag: Øvre bygdi

Gard: Austrumdal

G.nr. 22 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Hjelpefôr, naudfôr og attåtfôr er namn som er brûka.

2) Skav og beit er kjennde attått-fôr. Brom er ukjennt som fôr. Freeraklarne på lauvtrei kallar me her for brôm.

3) Å skava - skjev - skov - skave

4) Skav er kjennt og nytta frå gamal tid som naudfôr og som att-åtfôr, og me kann vist trygt segja at det finnst snaut ein vinter utan at ein eller annan har brûkt noko skav. Denne vinteren 1947-48 er det fleire som skjev for å drya på fôret, som hev vorte i minste laget etter frostvinteren ifjor med etterfylgjande turkesumar. Og ikkje råd med å kjøpa fôr.

Når det er spursmål um skav vert nytta som regulært fôrslag, då kann me ganske trygt segja, ikkje no. I gamle dagar var det annorleis. På gardar der det var høveleg skavskog, eller skavveskog som me segjer her, skav dei gjenom heile vinteren.

1308

dersom dei var „folka" til dit, for det er mykje arbei med denne skavingi.
I gamle dagar under naturalhushaldit fekk kreturi berre höy, kraftfor av noko slag vart ikkje nytta. Var det då röydeår, so höyet vart halnt eller heilbrote vart kreturi underernæra, tasne, um dei fekk aldri so mykje höy. I slike år kunde föring med skav attåt, beintfram berga huskapen. Under siste storkrigen var det mange stader nokso einsidig föring og skortsjukdomar var nokso ålmenne, då synte det seg, at der dei attåt fôra med skav gjekk dei frie desse sjukdomarne.
5) Dei treslag som vert nytta til skav heri bygdi er eik, raun og osp. osp er so beisk i smaken at ho set usmak på mjölki og er lite nytta
6.) Ukjennt
7) Jau, me kjenner dette same rimet men her lyder det slik:

Almæ - mele.
Ospæ - stele
Eikjæ - kveikje
Raunen - reise
Hegg - pikka merg'o legg.
Seljo - svelle
Nieren - velte.

8) Berre kui feer skav, og sjölsagt berre um vinteren. Fôra dei med skav til heilt matmål, får dei berre skav, elles feer dei noko höy attåt.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9) Sume meiner at når det vert føra rimelegt med skav attål so auka kyrne å mjølka. Til vanleg held kyrne same mjølkemengd um dei feer eit matmål med skav istaden for høy. Skav av eik eller raun gjer fin smak på mjølki og smöret vert godt.

10) Ja, dei feer nok dra tilskogs etter skavveden og i mange höve er han vond å få tak i og, difor vert det helst frakta heim större mengder på ei gong.

11) Ukjennt

12) Skåvve.

13) Ja, men ikkje i denne samanheng Når t.d. ei ku er flink å koma seg på beite, og ikkje stend og heng med grindi; då segjer me at den kui er god å marka seg

14) Berre um vinteren. Er det vrankt å få tak i veden, kann det vera både hart og tungt arbei. Resten ukjennt.

15) Gjeng me tilbake i tidi umlag eit halvt hundrad år, då skaving var meir ålmen, vil me kunna svara utan å tvika at dei heldt seg med skavingi inne i stova. Det må vera varmt der dei skjer for er borken frosen, so er han ikkje god å skava, og den som skjer treng og varme til ditto arbeidet. Men no er det annorleis. Den vesle skaving som no, av og til fyrekjem feer nok ikkje lov å koma inn i stova, ho er for „fin" no, stova. Men det er ikkje naudsynt heller, nye


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

lidhövelege fjosbygningar er det no mest på kvar gard, og her er bòde varme nok og ljos nok og rom nok.

16) Til skavereidskap vert nytta ein ütsliten smal langorvsljå. Det vert tulla ei flysse üm ljåen inne ved tjoet til handtak. Dette er skavljåen.

17) Korleis dei so gjeng fram når dei skjer?
Jaü, fyrst må dii hava skavveden sünhoggen i ümlag 50 sm. lange pinnar og piske, som er kvista godt med öksi. Denne skavveden ligg so i eit lite lag attmed den som skjer.
Den som skjer må hava ein skavhæl å styđja skåljåen innot, dette kann vera ein höveleg staür, som vert sett med eine enden mot golvet og den andre enden klemt fast ünder bjelken. Eg hev og set at dii hev bünde fast ein påk på sengestolpen til skavhæl, eller dei ~~dei~~ hev ein særskild skavkrakk med skavhælen sett fast i sjölve krakken. Skavhælen kann vera so mangeleis.
Den som skjer set seg innåt denne skavhælen. Han held skavljåen i högre handi og denne kviler på högre kneet. Andre enden av skavljåen er stüdd mot skavhalen. I vinstre handi held han pinnen eller kjeppen som skal skavast, og ved å dra denne fram og tilbake üppünder skavljåegget vert borken skaven av i tünne borkestrimlor eller skavblakke. Den handi som held skavljåen kann ved å vri ljåegget mot eller frå skavkjeppen måta tjükkleiken på skavblakko, han kann

1308
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og på same måten få ljåen til å fylja etter skavkjeppen sjölv um denne er nokso skjeiv og krokut. Den idelle skavblakka skal vera tunn og det skal vera nokko lite fre med.

Dei smale kvistane vert heilt uppskavne til skav. Dei skavne kjeppane kallar ein her for Spreg.

Med skavljå og skavkeel vert skavne so tjukke strattar, som det er råd å halda med ei hand. Er det tjukkare greiner og trestammar, brannar, vert desse skavne på ein annan måte. Tvo personar arbeidar ilag, den eine held brannen og den andre skjer. Dei sit på kvar sin krakk og held brannen yver knei. Den som skjer held ljåen med båe henderne og skjer mot seg. Den som held brannen snur denne jamnt og fint so ein kann skava utan å turva stoppa og snu. Ein skaven brann heiter ein skjevling

Dei smale spreki vert nytta til bakstevед. og dei tjukke spreki vert saga av på midten og er god emnevед.

Fyrr eg sluttar dette skavpratet vil eg fortelja korleis dei verdsette skavet i gamle dagar. Når ein fehandlar um vinteren kjöpte um gjeldkyr som skulde gå på beite og verta kolla, so betala han ein dalar meir for ei ku som hadde fenge skav um vinteren enn ei som berre hadde fenge höy.
Ei slik skavku, sagde dei, vilde trivast so mykje betre på beiter.

Det var ingen som lika dette skavarbeidet, dei tok det som „et nödvendgt onde"


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Eg kann minnast at mor mi fortalde um ein dreng dei hadde i 1890. Um sumaren når dei tok til med slåtten sagde han, at dei skulde setja skavheelen slik at dei var nöydde til å sjå han kvar dag, då vilde dei nöyta seg meir med slåtten so dei fekk höy nok og slapp å skava.

Ein gamal mann frå Maudal fortel at fyrr i tidi skov dei mykje til geiterne i Maudal når det var faste snövintrar. Til slikt skav brúka dei björkebrann. Fyrr dei skov brannen måtte dei hogga av neevri. Geiterne var glad i dette skavet og treinst godt av det.

Um stellet med skavskogen i gamle dagar lyt eg fortelja litt.

Dei gardane som hadde nögdi med skavskog var vel farne. Dei som ikkje hadde laut kjöpa av dei som hadde meir enn dei brúka sjölv. Dei betala for lasset. Skavskogen måtte dei passa på, han kunde lett ved úvören hogst verta avsnöydd og öydelagd. Eik og raun som stod i lider der dei vilde ala skavskog, vart, når dei hadde nått ei höveleg högd, avskoren toppen. Det gror då ut ei mengd med renningar frå denne stubben so dei verka som ein stor soptime. Når dei största renningarne var store nok til skavved vart dei hagne. Og slik kunde dei halda på i årevis å hogga, det vaks altid att nye renningar.

I haust var eg i Pyrskog, ein av strandgardane ved Orsdalsvatnet, der fekk eg sjå ei heil lid med slik ein skavskog av Eik. Det var tildels svære stammar upp til femningstre. I övre enden av stammen var det ei svær útviddning og frå denne útviddingi vaks det fram ein heil skog av renningar.

1308

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Eg spurde mannen på garden um dei tok lauv av desse trei, men han svara at det var gamal skavskog. Han hadde hogge skavveór her heile si tid. „Og du ser" sagde han. „dei som kjem etter meg kan halda på å hogga."

Denne måten å handsama trei på kallar me å tjydla



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING